



## Referatsak

Dato: 05.05.2016  
Arkivsak: 2016/4706-7  
Saksbehandlar: gudmath

Til Fylkesutvalet

### **Meld. St. 25 (2015-2016) Kraft til endring - energipolitikken mot 2030**

Regjeringa la fram stortingsmeldinga om framtidas energipolitikk fredag 15. april 2016. Høyring av meldinga er tysdag 10. mai, medan handsaming i Stortinget er 13. juni. Saksordførar er Tina Bru (H).

Sjå: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/stortingsmelding-om-energi-politikken-kraft-til-endring/id2484248/>

#### **Om meldinga**

Meldinga er lang og gir ei grundig gjennomgang av energisektoren. Regjeringa vil prioritere fire hovudområde for energipolitikken mot 2030:

1. Styrka forsyningstryggleik
2. Lønsam utbygging av fornybar energi
3. Meir effektiv og klimavenleg bruk av energi
4. Næringsutvikling og verdiskaping gjennom effektiv utnytting av lønsame fornybarressursar

#### **Utdrag frå nokre politikkområde**

Regjeringa vil ikkje vidareføre elsertifikatorordninga etter 2021.

Regjeringa går inn for å endre ordninga med opphavsgarantiar, som i dag ikkje er knytt opp til reelt sal av fornybar kraft.

Regjeringa opnar for at private aktørar kan byggje utanlandskablar, men vil hauste erfaring med dei to forbindelsane som er under bygging.

Enova vert styrka og får utvida mandatet til å femne om klimagassreduksjonar, og er hovudverkemiddel for å utvikle effektive og klimavenlege løysingar. Det gjeld både innanfor bygg, industri og transport. I neste avtaleperiode vil regjeringa legge til rette for at Enova har eit støttetilbod til hydrogenfyllestasjonar. Regjeringa legg opp til at satsinga på landstraum skal vere marknadsbasert.

Regjeringa vil forbetre energiintensiteten (energibruk/BNP) fram mot 2030 med 30 % samanlikna med 2015.

Regjeringa vil effektivisere plan- og konsesjonsprosessane og avvikle Samla Plan. Verneplan for vassdrag ligg i hovudsak fast.

Regjeringa vil sjå på ordningane med konsesjonskraft og konsesjonsavgift, med siktemål å forenkle ordningane. OED vil oppnemne ei ekspertgruppe som skal gi tilråding om omlegging av konsesjonskraftregimet.

#### **Merknad**

Det har ikkje vore tid til å skrive ei politisk sak om Energimeldinga. Ein er kjend med at Nordland fylkeskommune har handsama meldinga den 25.4.16 og komme med ei fråsegn. Det same har Kraftfylka, der Hordaland fylkeskommune er representert i styret ved Mona Røsvik Strømme. Fråsegn frå Kraftfylka dagsett 3.5.16 følgjer som vedlegg.

